

Ingebjørg Haugland - kretsmeister i klassisk.

27.01.2014



Imponérande prestasjoner av Ingebjørg Haugland på Voss i helga. Her flankert av trenar, smørjar og altmuligmann Pål Haugland og lagvenninna Kari Bråten som gjekk glipp av renna då ferja ikkje gjekk. (Arkivfoto: Ola Matti Mathisen)

Sist helg vart kretsmeisterskapet i langrenn arrangert på Voss. KM skulle eigenteleg vore i Fana-området, men vart flytta til Herresåsen på Voss grunna snøtilhøva. Det vart konkurrert i skøyting laurdag medan klassisk stod på programmet søndag. 13 kvinnheringar deltok, og heile 10 av desse kom frå Uskedalen. Alle hevda seg godt, og ekstra gledeleg var det at Ingebjørg Haugland kunne reise heim som kretsmeister i klassisk i Damer 19/20 år.

Nestor og trenar Pål Haugland kan mælda om at det lenge var usikkert om meisterskapen kunne avviklast grunna verforholda. - Tilhøva var tøffe, men det var bra med snø og fine løyper i anlegget i Herresåsen som var NM-arena for 2 vår sidan. Det var nokre veldige vindkuler med kraftig snørok. Sjølv om det berre var -3 grader, kjendest det nok ut som -15, fortel Pål når han beskriv forholda.

- Hadde det vore fleire deltakarar herfrå med andre verforhold?
 - Ja, det hadde det utvilsomt. Ein ting er at det lenge var usikkert om det vart renn. I tillegg var det nokre løparar som dessverre måtte snu då ferja slutta å gå på grunn av verforholda, seier trenaren som er svært godt nøgd med aktiviteten i skigruppa. - Det er mange som trenar godt, og mange av løparane hevda seg bra i kretsmeisterskapet. Konkuransen i slike meisterskap er tøff, og det nyttar ikkje å stille opp der utan å vera godt trent for det, avsluttar langrennsveteranen som gleder seg over at det gror godt med talentfulle langrennsløparar i Uskedalen.

Mange hevda seg altså godt, og det vart toppa av Ingebjørg Haugland sine prestasjoner. Lørdag gjekk ho sitt første skøyterenn for sesongen og imponerte med ein flott 3. plass. Søndag vart ho kretsmeister i klassisk stil. Heilt suveren var ho med ein sigersmargin på heile 1 minutt til sølvmedaljevinnaren.

I tillegg til Ingebjørg gjorde desse uskedelingane ein flott innsats i meisterskapet: Emma Myklebust Ripe(J-10), Mathias Børve(G-10), Torbjørn Haugland(G-10), Silje Soldal(J-11), Jostein Soldal(G-11), Hanna Tvilde(J-12), Viljar Simonnes Tveit(G-12), Veslemøy Haugland(J-14) og Oddmund Soldal(M senior). Det deltok og 3 løparar frå Rosendal.

Etter planen skal Uskedal idrettslag arrangere SPAR-rennet førstkommande søndag. Dette rennet er nok tvilsomt grunna verutsiktene. Renn på dei ivrige langrennløparane vert det likevel til helga. Laurdag reiser dei

nemleg til renn i Ulvik.

Av: Thor Inge Døssland